

**Notat**

Dato: 20.05.2016  
Arkivsak: 2016/5034-1  
Saksbehandlar: benutne

---

Til: Utval for miljø og samferdsel, Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

## Status vegpakkar i Hordaland pr mai 2016

Føremålet med dette notatet er å gi ein kort status for eksisterande vegpakkar for fylkesvegnettet og vegpakkar som det vert arbeidd med no. Vegpakkane kan ha fleire ulike finansieringsformer der bompengar, fylkeskommunale midlar, kommunale midlar, kompensasjonsmidlar for arbeidsgivaravgift er dei vanlegaste.

Det er ikkje tatt med vegpakkar i ein svært tidleg fase. Fylkesrådmannen vil kome attende med saksframlegg når pakkane er klar til politisk handsaming.

### Eksisterande pakkar:

#### Bergensprogrammet

For å sikre finansiering av bybanen byggetrinn 4 og andre større tiltak for utvikling av transportsystemet er arbeidet med revisjon og vidareføring av Bergensprogrammet, innfor rammene av ordninga med bymiljøavtalar, starta opp. Bymiljøpakke Bergen vil vere ei forlenging og ei vidareutvikling av dagens Bergensprogram for transport, byutvikling og miljø. Styringsgruppa for bymiljøpakke Bergen tar sikte på å ha klart eit avtaleutkast før utgangen av 2016. Utforming av bompengoopplegget er eit momenta som vert tatt opp til vurdering som ein del av dette arbeidet.

#### Bømlopakken

Bømlopakken vart vedteken gjennom Stortinget si handsaming av St.prp. nr. 78 (2008-2009) «Om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak i Bømlo kommune i Hordaland». Bømlopakken omfattar i alt 18 enkeltprosjekt. Prosjekta skal byggjast ut i prioritert rekkefølge.

Det har vore god framdrift i utbygginga dei siste åra, det er hittil produsert for over 800 mill. kr (2015-kr) der 11 prosjekt er ferdig utbygd eller under bygging. I 2016 er det budsjettert med investeringar på 228 mill. i Bømlopakken.

Innkrevjinga av bompengar starta opp 2. mai 2013. Etter om lag tre års innkrevjing vart det gjort framlegg om å justera takstane ettersom bompengeinntektene har vore vesentleg lågare enn det som vart lagt til grunn i finansieringsgrunnlaget for stortingsproposisjonen. Gjennomsnittsinntekta er 37% lågare enn det som vart lagt til grunn. Fylkesutvalet slutta seg til ein slik takstauke i sak 45/2016. Takstauken er godkjent av Vegdirektoratet, og vart sett i verk frå 9. mai i år.

Fylkesrådmannen legg fram sak til fylkestinget i juni 2016 om utvida lånegaranti for Bømlopakken, der ein anbefaler at lånegarantien vert utvida frå 350 mill kr til inntil 600 mill kr.

#### Haugalandspakken

Haugalandspakken vart vedteken gjennom Stortinget si handsaming av St.pr.nr. 57 (2006-2007) «Om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak på Haugalandet i Rogaland og Hordaland». Bompengepakken inneheld prosjekt og tiltak basert på fylkesdelplanen for areal og transport på Haugalandet og gjeldande handlingsplan for perioden 2006-2020.

Det er produsert for ca. 1,2 mrd.kr. i Haugalandspakkens til no. Etter at ein har redusert nokre prosjekt i Haugalandspakken står det at å finansiera 4,4 mrd. kr. Dagens takst- og rabattsystem vil ikkje klare å finansiere dette. Styringsgruppa i Haugalandspakken har gjort vedtak om å fremma sak til kommunane og fylkeskommunane om å endra takst- og rabattsystemet i Haugalandspakken for å finansiera dette. Fylkesrådmannen tar sikte på å legge fram sak om tiltak for auka inntekter i Haugalandspakken etter den lokalpolitiske handsaminga i kommunane, tidlegast hausten 2016.

#### Askøypakken

Innkrevjing starta i 2014 og går fram til 2029. Prosjekta er ikkje prioriterte i stortingsproposisjonen.

Nokre (del)prosjekt er ferdige: Fv 562 Florvåg – Erdal (Bakarvågen), Fv 562 Strusshamnkruset, Fv 216 Skansen (Kleppe).

Fv 212 Lindhaugen – Slettebrekka startar opp hausten 2016, delprosjekt Slettebrekka – Hetlevik ventar på avklaring av tunell til Hetlevik (dispensasjonssøknad er sendt Vegdirektoratet).

Fv 213 Skiftesvik - Marikoven: prosjektering pågår.

Fv 563 Strømsnes-Hop: forventar oppstart i 2016

Kollektivtiltak: Fleire tiltak er igangsett.

Fv 562 er under planlegging.

Bompengeselskapet opplever ein inntektssvikt primært som følgje av fritaket for elbilar. Takstane kan justerast etter eitt år for å kompensere ved svikt i inntektene. Askøy kommunestyre vedtok 28. april 2016 å utsetja ekstraordinær prisregulering fram til det ligg føre tilbakemelding på korleis ein skal handtera ordninga med elbil/lågutslepp, optimal plassering av bomstasjonar og auke tilskot frå eksterne eller offentlege midlar til pakken for å dekkja kostnadsauken.

#### Kvammapakken

St.prp. nr. 77 (2008-2009) om delvis bompengefinansiering av Kvammapakken i Hordaland vart vedteken i mai 2009. Innkrevjing starta i 2010 og går fram til 2029. Dei ulike prosjekta var ikkje prioriterte, og heller ikkje avgrensa. Berre Børvenestunnelen hadde godkjent reguleringsplan.

Følgjande prosjekt er fullført/delvis fullført pr mai 2016: Fv 49 Lingaparsellen og Vikøy-Norheimsund, kryss Granvin, Fv 7 Øystese-Nes (inklusive Børvenestunnelen). Følgjande prosjekt er i arbeid: Fv 7 Nes-Norheimsund, Fv 7 Øystese aust. Arbeidet vert avslutta i 2017 og då er alle midlane i pakken brukt opp.

Følgjande prosjekt er det ikkje midlar til i eksisterande pakke: Fv 7 Kvamskogen gs, Fv 7 Bosstippen og Steinstøberget, og store delar av Fv 7 Øystese aust. I tillegg står att noko arbeid på kryss Granvin og i Vikøy.

Kvam herad har bedt Hordaland fylkeskommune om å starta opp arbeid med revisjon av pakken. Styringsgruppa for Kvammapakken organiserer dette arbeidet. Mellom anna er det vurdert samordning med Vossapakken og ny E16. Vidare har ein vurdert ulike modellar for brukarbetaling. Statens vegvesen legg i juni 2016 fram ulike løysingar for rassikring og oppgradering av Fv 7 gjennom Tokagjelet. I tillegg samarbeider SVV, HFK og Kvam herad om gs-løysingar over Kvamskogen. Vidare arbeider HFK med ei

kollektivkartlegging for Kvam. På møte i styringsgruppa i april 2016 vart det vedtatt å laga ein samferdselsplan for Kvam, der aktuelle prosjekt til ein eventuell ny pakke skal vurderast samla.

Aktuelle prosjekt i ein ny pakke må sjåast saman med inntektsgrunnlaget. Styringsgruppa vil leggja fram eit forslag til revidert pakke til Kvam herad. Ein tar sikte lokalpolitisk handsaming hausten 2016. Ny bompengesøknad kan vera klar i 2017.

#### Stord vestsida

Innkrevjingsperioden er 2013-16, etter ein fekk utvida innkrevjingstida frå to til fire år. Etter utvidinga får ein realisert alle prosjekta, og prosjektet utbetring ved kommunegrensa blir tilpassa til inntektene i pakken.

#### Ikkje godkjente pakkar pr mai 2016:

##### Nordhordlandspakken

Nordhordlandspakken vart handsama i fylkestinget 10.6.2015, og er sendt til Samferdselsdepartementet for ekstern kvalitetssikring (KS2). Det er venta at regjeringa legg bompengeproposisjonen fram for Stortinget hausten 2016.

##### Kvinnheradpakken

Kvinnherad kommune har tatt initiativ til ein samferdselspakke for Kvinnherad – kalla Kvinnheradpakken. Kommunestyret i Kvinnherad vedtok 28.4.2016 å starta arbeidet med framlegg til bompengesøknadar for Kvinnheradpakken. Statens vegvesen, Kvinnherad kommune og fylkeskommunen har begynt å arbeida med innhald, prioriteringar og bompengeloplegg for Kvinnheradpakken, som grunnlag for ei prinsipp sak om å nytta bompengar i finansieringa av pakken. Kvinnheradpakken har ikkje vore handsama i fylkespolitiske organ.

##### Stordpakken

Stord kommune har tatt initiativ til å bompengefinansiera kommunale og fylkeskommunale vegprosjekt på Stord gjennom Stordpakken. Det er utarbeida ei førebels prosjektlister med prioritering. Det største og viktigaste prosjektet i pakken er miljøgate gjennom Leirvik sentrum. Kommunestyret vedtok 28.4.2016 å koma tilbake til bompengesystem, bomplasseringar, kva prosjekt som skal vera med, prioritering, kommunal eigendel m.v. ved den endelege lokalpolitiske handsaminga og tilrådinga. Stordpakken har ikkje vore handsama i fylkespolitiske organ.